

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: *Sogn og Fjordane*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Geikjefjord*Emne: *Transport av høy*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Nils Houland f. 1888*Gard: *Houland*(adresse): *Geikjefjord*G.nr. *53* Br.nr. *10*A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Ja*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1: Her i bygda er berre smågardar og eg trur her finst ikkje husmansplassar lenger. Transporten er lik for sovidt på alle gardar. Nokre meiner bering på dei gardar som ikkje forar best, men her er også gardar med best der dei ber mesteparten av høyet.

Utmarkslåinga går meir og meir av bruk. Berre på nokre gardar med sers gode utmarkslåttos driv dei litt med det endå. For ca 100 år sidan trur eg at det vart slege i utmarka på alle gardar.

Det er mykje i bruk her at dei som ikkje har best ligger tjå andre.

2: Helst med bering. Både byrsatog og byraband vart og er nytta. Der lendet var lagelegt vart det også brukt risbuskor å dra på. Det låg vel ikkje meir på disse huskerne enn pålag ei byrd myslige eller ritt grask.

Byrabandet vart laga av passeleg tykke og seige busker, helst bjørsk eller rognelåusker. Det tunnaste av buska vart vunde til vidje og laga til ei lykkja. Vart det for kort skjøtte dei på fleire vidjer. I staden for vidjer vart også brukt tog.

Den neste lyktkja av byrabandet vart smett over tjukkenden og pressa nedover til byra var passeleg fast å bera. Tjukkenden av byrabandet kom over ei av hordane og dei var gode å bera slike ~~byras~~ byras.

Det var vandare å laga ei god byrd i eit byratog. Toget måtte vera pålag 3 famnar i dobbelt, og med hord i.

Høyet vart laga til fengjer og kvar fengja lagd på toget. Fengjone laga dei med rive, men også med berre hendlerne. 4, 5 eller 6 fengjer til ei byrd. Byra måtte lagast så at ho ikkje seig for langt ned på ryggen. Ho vart gyrd i hop på den måten at beraren og ein hjelpesmann stod på kvar si sida av byra og drag i kvar sin ende av toget gjennom horda. Når byra var gyrd, sette beraren seg på marka og tok togendane over hovudet i hendlerne, og så rulla hjelpemann byra fram på beraren, som reiste seg fyrst på knea og sidan heilt opp. Var det langt å bera vart byrda teka i felle. Dette var så at beraren tok ein part av toget over kvar arm, hord, og gyrd til. Byra låg då fastare og seig ikkje så lett ned over ryggen.

Det var helst karane som bar, kvinnene raka og hjelpte til å rulla på byrane. Borna var også med i arbeidet.

Da rulla høyet i smossekk eller mais har ikkje vore i bruk her i mi tid og eg har ikkje høyst om slikt bruk byr heller.

Høypestreng er i bruk her og den vert brukt lit til høylopping også. Dette kom vel i bruk for 40-50 år sidan.

Kipor vert vel mest ikkje brukt å bera høg i her.

Trillebære er mest ikkje brukt, men høg = bære er i bruk. Flest til ritt gras som skal til hesjing. Høybæra var 2 stenger med 4 tverrbrett. Den vert brukt både av born og vaksne.

Det som i spursmåla er kalla høgfang er ikkje i bruk her. Etter beskrivelsen liknar det på ein slede. Og sleden måtte vel vera betre å bruka. Den kan brukast både sumar og vetter, og i nokso brattlendt terreng.

3: Høy som lag i utlidor vert kjørt på vetterføret.

4: Her brukast berre vogner med 2 hjul. Dei vert kalla både høgvogn og langsjeke. Slede vert brukt til vetter = kjøring og til kjøring om sumaren der landet er ulagelegt for vognkjøring.

Ein hjulslede har eg sett i bruk for ca. 35 år sidan. Den hadde kork megar framme og 2 små hjul bak. So er her ikkje slike sledar meir. Jarnskodde sledar brukast berre på snøføre. Her er ikkje nokon sers reglar for kjøring med slede eller vogn. Hornet har ein for det mest store inn. Herder det ein kjøper kornet vert høgvoagna brukt utan nokon forandring.

Dei mest brukte høgvogner her har 4 grindar og kom i bruk for ca. 40 år sidan. Disse vognene er lette å lesa på. Det er

berre å hiva høyet opp i grindane og
trekka i hop. Halvaksne born grider
til nød denne trekkinga.

Skal der lessast på vanlige langsjeker,
som berre har ei grind ved kvart hjul
må der eit vakse menneske til i lasset
for å leggja høyet godt nok. Og så må lasset
gyrast. Der går 4 store byrdar i eit lass.
Det var ikkje noka sers reglar for siste lass.
Alt var vel medtekje.

Lasset vart gyra med høytang og tog.
Høytanga er to langsgjandende stenger, som vert
samanhaldne med eit tverrke i kvar
ende. ~~+~~ Høytanga legg ein på lasset.
Eiir gyring er festa i ~~vogna~~ i kvar ende
av vogna og så gyper ein over kvart tverr-
ke av tanga. Toga lasset vert festa med
kallast gyring, og festinga kallast, å
gyra. Hovolda, hovda, er forsovidt eins
både til byratog og gyringar. Taka større og
sterkare kauske til gyringar.

Det er ikkje brukt å setja høg i stakk
her. Vinterlassa vert her kjøpt berre på
slede, og då er dei vel noka større enn
eit somarlass på slede, men mykje
mindre enn eit vognlass. Her vert
brukt berre ein hest til høykoyring.

5: Noka felles-slått har ikkje eg høyrst um
her.

6: Høyet frå utlodor vart sjølvsgt kjøpt når
fåret var godt um der dei var tid til det.

Der lodorne til fleire eigerar lag på ein stad
nøytte vel alle til å køyra nokolunde på
ei tid. Her var ikkje trøng for å fast-
setja noka tid.

Jes var ^{og er} for det mest ikkje so tung små
at brøytinga vark so alvorleg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

580